



Rundt 200 var til stades då Gustav Bergstø vart førd til den siste kvilestaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gustav Bergstø (1920/2008) hadde ein heilt spesiell plass i hjarta til uskedalingane – og til mange kvinnehingar ellers. Det var tydeleg då han vart ført til sin siste kvilestaden ved kyrkja i Uskedalen tysdag føremiddag. Kyrkja var fylt nesten til siste plass. Det var rundt rekna 200 til stades for å ta farvel med Gustaven, som gjekk bort på ein så tragisk måte..

- Han var ein av dei få som kunne gjera tre ting på ein gong, sa sokneprest Sven Harald Nilsen i ei fin minnetale. I den rekapitulerte han mykje av livet til Gustaven, også oppveksten i tronge kår i Mauranger. Gustav var nummer 13 av 14 barn og 11 vaks opp. Plassen Bergstø var einstaka og ligg på solsida av fjorden. Men det var grøderikt mellom stein og ur og alle måtte tidleg hjelpa til for å livberga seg. Dei største måtte hjelpa dei minste. Skulevegen var opp bratte lia til Gjetingsdalen og ofte måtte dei ha med seg sokker og klebyte. Ved uvær vinterstid måtte dei overnatta i Gjetingsdalen.

Gustav måtte tidleg ut i arbeid, men som 19-åring gjekk han på folkehøgskule i Valdres og opplevde det som noko med den gildaste tida i livet hans. Etter krigen fekk han arbeid på ein fabrikk i Kristiansand som laga livbåtar av aluminium, Så var han i Holmestrand og lærde seg å sveisa aluminium og rundt 1950 byrja han å laga aluminiumsbåtar. Seinare starta han eigen bedrift i Uskedalen og hadde fem mann i arbeid i 1957. Gustav var det som lærde Oma båtbyggeri – i dag ei stor bedrift - å sveisa aluminium.

Heime i Bergstø laga Gustav eit lite kraftverk i bekken for å driva ein dreiebenk og skaffa ljøs i huset. Og han var den fyrste som kom med motorsag til Mauranger – den vog 39 kilo.

I 1962 satsa han på fiskeopprett i Øyarhamn, som i dag er ein god arbeidsplass. Gustav hadde stadig nye idear, som å fiska rauåte til mat for regnbogeaure og laks. I 1968 byrja han på anleggsarbeid i Maurangerfjella og deretter var han på Sørødal til han vart pensjonist.

- Men ideane tok ikkje slutt for det, det var alltid noko nytt og det måtte prøvast så fort råd var. Byråkratiet var ein hemsko for han i mange høve. Men det var ikkje noko som han syntes var umogeleg. Det måtte prøvast. Noko lukkast og noko ikkje, sa soknepresten.

Han mintes også Gustav som medmenneskje. Var det nokon som trong hjelp, var han på plass. Og han var engasjert for barn og ungdom for at dei skulle ha noko å gjera. Han såg det som svært viktig at det lærde å arbeida så tidleg som mogeleg,

- Gustav var engasjert til den siste dag i sitt liv, sa sokneprest Nilsen.

Heile midtgangen i kyrkja var fylt av kransar. Blant dei var det tre kransar frå Sørødal-miljøet og frå naboane på Korsnes var det krans med denne påskrifta: "Takk for at du gjorde våre rike". På ein annan krans stod det: "Ei siste helsing til ein vegvisar".



Midtgangen i kyrkja var fylt av kransar. (Foto: Ola Matti Mathisen)